



I SKOGEN: Morten Smedstad Heimlund (f.v.), Stian Kronstad Baukhol, Øystein Haug, Henning Godlien Strand, Trond Gryttingslien, Ørjan Ånsløkken og Roy Andre Andersen trivst i skogen. Begge foto: Knut Storvik

Tøffe karar i skogen

Sju elevar frå Sør-Fron ungdomsskule har hatt undervisning i skogen.

Av Knut Storvik
knut.storvik@gd.no
Mobil 904 06 707

SØR-FRON: – Dette er mykje tøffare enn å sitje på skulebenken. Vi ynskjer meir praktisk arbeid inn i skulen. Det er for mykje teori, seier ungdomane Roy Andre Andersen, Ørjan Ånsløkken, Trond Gryttingslien, Henning Godlien Strand, Øystein Haug, Stian Kronstad Baukhol og Morten Smestad Heimlund.

Alle går på Sør-Fron ungdomsskule og har seks måndagar på rad bytta ut skulepulten med ein dag med skogsarbeid.

Da GD trefte på ungdomane på

måndag, som var siste kursdag, sat dei rundt bålet og åt nista si. Trepinnar med ostemørbrød oppå var menyen. Kaffi i koppene.

– Vi har lært om tryggleik, kvisting, file saga og vi har vore ute i skogen. Kjempefine dagar, seier Baukhol.

Han fortel at på skulen har dei praktisk arbeid i kunst- og handverksfaget.

– Men til nå har det vore for mykje strikking og måling, seier Baukhol.

Ungdomane nikkar og seier at praktisk arbeid er eit stort sakk i skulen.

Det er Hans Fjerdrumsmoen heilt samd i. Han har vore ansvarleg for gutane, saman med Kjetil Nyhus, og fortel at ungdomane har vore eksemplariske.

– Eg har aldri hatt med meg så flink og hyggjeleg ungdom. Mi personlege meining er at det finst



ANSVARLEGE: Kjetil Nyhus (f.v.) og Hans Fjerdrumsmoen har vore med elevane i skogen.

mange flinke arbeidsfolk i skulen, men dei blir øydelagt av for mykje teori. Eg skulle gjerne sett at noko teori blir bytta ut med praktisk arbeid. I så måte er dette samarbeidet vi har hatt i fleire år med ungdomsskulen ei veldig fin ordning.

Kanskje aukar det rekrutteringa også, seier Fjerdrumsmoen.

Ordninga med ungdomsskulen er eit samarbeid mellom skulen, Aktiv skogbruk og skogeigarlaga i Fron.